

# Hordaland Sau og Geit



**Telefonstyremøte 27.okt. kl.20.00 til.kl.22.15.**

**Deltakarar: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Svein Misje, Anders Konglevoll, Steinar Steine, Egil Øvstebø og Audun Seilen**

**Sak.1.Godkjenning av innkalling og ref. frå sist styremøte.  
Ingen merknader.**

**Sak.2.Orienteringssaker.**

**Leiar orienterte frå repr.skapsmøte i NSG.20 og 21.okt.**

**Styret etterlyser kor saka som vart presentert på repr.skapsmøte i mars om "Handlingsplan for å redusere tap av dyr på beite" står. Denne handlingsplanen skulle leggest ut til høyring. Knut tek kontakt med NSG for status.**

**Seminkurs.Det er halde 4 kurs i regi av HSG og NSG Semin. Det var til saman 48 deltakarar.Deltakarar under 25 år får kr.1000.i støtte frå HSG.Kursa vart halde på Voss,Stend,Radøy og Sandeid.**

**Sak.3.Leiarmøte.**

**HSG.Ved att leiar og sekretær ringde til lokallagsleiarar som ikkje hadde meldt på innan fristen, vart deltakinga betre, men det er for svak attendemelding på det. Dette må lokallaga ta tak i skal me få folk til å møta !**

**På samlinga vert det inndelt 4 grupper til gruppearbeidet. Steinar Steine lagar til gruppeinndeling.**

**Sak.4.Agro Hordaland.**

**Styret i HSG vil i ettertid evaluere denne samlinga for å eventuelt koma med innspel til endring.**

**Sak.5.Søknad om stønad til Geitedagar i Geiranger.**

**Vedtak: Styret kjem attende til denne saka .**

**Sak.6.Årsmøte i HSG.**

**Det vert halde på Solstrand Hotel og Bad, Os fred. 25. og laurd. 26. febr. 2011.Program vert utarbeidt og sendt ut seinare.**

**Sak.7. Landsmøte i NSG. Innspel til valnemnda.**

**Reidar høyrer med Helge Edvardsen i valnemnda om hans synspunkt. Det vil deretter verta diskutert i telefonstyremøte. Frist for tilbakemelding til valnemnda i NSG er 25. november.**

**Sak.8. Jolebord.**

**Det vert skipa til tur til Sognefjord Hotel i Leikanger. Der vert det omvisning hjå John Olav Husabø i hans nye sauefjøs. Dette er tenkt laurd.11.des. til sund. 12.des. Om kvelden vert det jolebord med sosial samling. Det vert organisert buss frå Bergen via Voss. Invitasjon vert sendt ut neste veke (44) med frist for påmelding innan 14. nov.**

**Ymse.**

**HSG dekker kostnader med inntil kr.3500 pr. styremedlem som vil reisa på Lammekongressen i Stjørdal 12. og 13.febr.**

**Sak.9.Neste styremøte vert halde på Eldhus Evanger tors. 16. des. kl 10.00 – 16.00. Ein inviterer då med møteleiar for årsmøtet, leiar i valnemnd, avlsutval, beiteutval og Svanhild Aksnes frå FM.**

**Ref. Knut Sygnestveit.**